



---

Sak: **Møtereferat**  
Møtestad: Fjalerhuset  
Tidspunkt: 03.02.2020 kl. 12:00

---

*Deltakarar /*

Bente Nesse, kommunedirektør, Fjaler kommune  
Connie Hovland, kommunalsjef teknisk, Fjaler kommune  
Arne Strand, prosjektleiar, Fjaler kommune  
Gaute Lundeland, planleggar/ingeniør, Fjaler kommune  
Ann Kristin Nes, leiar for forvaltning Vestland, Fylkeskommunen i Vestland (FKV)  
John Martin Jacobsen, seksjonssjef utgreiing geodata, Fylkeskommunen i Vestland (FKV)

---

Vår ref.  
17/419-34/115

Arkiv  
K2-L12

Dato:  
03.02.2020

---

## Fylkesveg 57 – Sætenes-Nistadlia

1. Gaute informerte om planstatus for dei pågåande reguleringsplanane for Sætenes-Strandenes og Strandenes-Nistadlia. Reguleringsplan for Strandenes-Nistadlia har vore ute på høyring og Offenleg ettersyn, og det er komme inn ein del merknadar. Reguleringsplan for Sætenes-Strandenes er framleis under utarbeiding, men er nesten klar til gjennomgang, politisk handsaming og høyring/offentleg ettersyn.
2. Gjennomgang av aktuelle merknadar etter høyringsperioden (Strandenes-Nistadlia)

### Vegbreidde

Merknad frå Norges Lastebileigarforbund:

- Potensielt meir trafikk til Lutelandet. Ny tømmerkai i Kvamen vil generere meir tungtrafikk.
- Dagens lastebilar er 3 meter breie inkludert spegl. Meiner 2,75 meter køyrebane ikkje er trafikksikkert. Skuldrer er ikkje dimensjonert for 50-60 ton vekt ved møting.
- Ynskjer dimensjoneringsklasse Hø2 (7,5 meter breidde) og tunnelklasse 9,5.

Fjaler kommune legg til:

- ÅDT 1100 (2018), 10% andel lange køyretøy

Kommentar frå Fylkeskommunen:

- Valget av vegklasse Hø1 baserar seg på ÅDT. Ved utfordrande terreng, slik det er langs Dalsfjorden, kan ein bruke vegbreidde 6,5 meter.
- Reguleringsplanen bør vere realistisk og gjennomførbar.
- Påpeiker likevel at Fv 57 er hovudveg for tungtransport i HAFS.
- Breiare veg vil føre til større skjæring- og fyllingsutslag, og følgjeleg gjere prosjektet dyrare å gjennomføre.

- FKV skal ta ei runde internt angående vegbreidde og tunnelklasse, og melde tilbake til Fjaler kommune i løpet av februar.

### **Fylling i sjø**

Fjaler kommune:

- Fjaler kommune har sett på veglinja i Grøvlevika. Slik vegen no er planlagt går den i tunnel frå Grøvlevika til Holmeli. Eit betre og billegare alternativ hadde vore å lagt vegen ut i sjøen i Grøvlevika. På den måten ville ein fått brukt overskotsmassar, og i tillegg unngått tunnelen.

Kommentar frå FKV:

- Dette må avklarast med Fylkesmannen.
  - Det må gjerast ei grunnundersøking i sjø. Kan gjerast i samband med reguleringsplanarbeidet, eller settast krav til grunnundersøkingar i føresegner. Grunnundersøkingar i samband med Atløy-sambandet kosta omkring 1,5 mill kr. Vil truleg koste halvparten av dette i Grøvlevika. Truleg kan kommunen bruke plankonsulent til innhente pris.
3. FKV informerar at det er naturleg å begynne byggearbeidet i Nistadlia, og jobbe seg utover fjorden.
  4. Med tanke på framdrift i prosjektet anbefalar FKV å godkjenne ein mindre del av strekninga (Nistadlia – Holmeli).

Med helsing

Gaute Lundeland  
*ingeniør*

Direkte tlf: 57738045